

KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/76/63

av 20. november 2009

om endring av vedtak 2005/176/EF om fastsetjing av rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av rådsdirektiv 82/894/EØF*[meldt under nummeret K(2009) 9007]*

(2009/847/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 82/894/EØF av 21. desember 1982 om melding om dyresykdom i Fellesskapet⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Direktiv 82/894/EØF dreier seg om melding av utbrot av dei dyresjukdommane som er førte opp i vedlegg I til det nemnde direktivet.
- 2) I kommisjonsvedtak 2005/176/EF⁽²⁾ er det fastsett rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av direktiv 82/894/EØF. I vedlegg X/01 til det nemnde vedtaket er kodane for veterinærregionane i Tyskland førte opp.
- 3) Tyskland har endra namna og grensene til veterinærregionane sine. Endringa av desse regionane har innverknad på systemet for melding av dyresjukdommar. Dei noverande regionane i systemet bør difor bytast ut med dei nye regionane. Vedlegg X/01 til vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.

4) Vedtak 2005/176/EF bør difor endrast.

5) For å sikre fortruleg handsaming av dei opplysningane som vert sende over, bør vedlegga til dette vedtaket ikkje offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegg X/01 til vedtak 2005/176/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. november 2009.

For Kommissjonen

Androulla VASSILIOU

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 307 av 21.11.2009, s. 7, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 61/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 13.

⁽¹⁾ TEF L 378 av 31.12.1982, s. 58.

⁽²⁾ TEU L 59 av 5.3.2005, s. 40.